

Vel 120 tusen grasrotkroner til Uskedalslaga.



Tilskota gjennom grasrotandelen er viktige for aktiviteten i ulike lag i bygda.

Dei som spelar hos Norsk Tipping og melder seg som grasrotgjevarar, gjev viktige økonomiske bidrag til laga i Uskedalen. Naturleg nok er det dei som har tilbod til barn og ungdom som får mest, med Uskedal idrettslag klart på topp og Uskedal skulemusikk som ein klar toar. Inntektene er stabile.

294 spelarar støttar dei 6 laga Uskedal idrettslag, Uskedal skulemusikk, Uskedal ungdomslag, Røysterett for alle, Uskedalen Utvikling og Uskedalen friluftslag. Til saman resulterer dette i ei samla støtte til desse laga på ca. 121.963 kroner i 2017. Det er omtrent det same som i 2016 då det tilsvarande talet var 120.327 kroner. Resultatet er stort sett stabilt for laga, men helselaget har hatt ein fin auke medan ungdomslaget har hatt tilsvarande nedgang. Uskedalen Uttvikling har ein stor nedgang frå 2015, og har i år 1/3 av utbyttet som var det året.

Resultatet for kvart lag er som tabellen nedanfor syner. Summane for 2016 og 2015 står i parantes:

- Uskedal helselag, 9.304 kr frå 32 gjevarar(7.853 / 7.011)
- Uskedal idr.lag, 69.949 kr frå 128 gjevarar(68.716 / 65.560)
- Uskedal skulemusikk, 25.262 kr frå 76 gjevarar(25.157 /21.707)
- Uskedal ungdomslag, 4883 frå 22 gjevarar(5.092 / 6.083)
- Uskedalen Utvikling, 1.793 kr frå 6 gjevarar(2.530 / 5.246)
- Røysterett for Alle, 10.530 kr frå 29 gjevarar(10.803 / 10.149)
- Uskedalen friluftslag, 272 kr frå 1 gjevar(176 / var ikkje registrert i 2015)

Grasrotkronene er svært viktige og sikre bidrag til aktiviteten i dei ulike laga.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland